

Ho har laga årets sunnhordlandslåt

Johanne Engevik Olsen gjekk til topps i konkurranse med 16 andre låtskrivarar.

- [Anders Totlandanders@sunnhordland.no](mailto:Anders.Totlandanders@sunnhordland.no) Publisert 31.10.2014 kl. 06.00.

A-A+

– Det har vore eit høgt nivå i år, men det var likevel heilt tydeleg at vinnaren var suveren. Tidlegare har det vore jamt i toppen, men denne gongen var heile juryen heilt samde. Det som slo oss først, var at dette er ei jente med eit enormt talent, der både låten og framføringa sjarmerte juryen, seier Roald Kaldestad.



Johanne Engevik Olsen har skrive årets sunnhordlandslåt, som heiter «Når alt går i svart». Juryen uttaler at Engevik Olsen har eit enormt talent. Pressefoto

Songtalent

Saman med Linda Eide, Berte Rommetveit og Magne Kydland har festivalleiaren for Falturiltu plukka ut årets sunnhordlandslåt. Til saman kom det inn 17 bidrag, frå Stord, Fitjar, Tysnes og Kvinnherad, og vinnaren blei Johanne Engevik Olsen frå Stord.

I grunngjevinga skriv juryen følgjande: «Johanne E. Olsen er unekteleg eit songtalent, med ei karakteristisk stemme som kler det vakre stordamålet. Olsen har definitivt den meste interessante stemma i årets konkurranse og ho har laga ein fin melodi som veks ved fleire gjennomlyttingar. Teksten er også god.»

Her kan du høyra songen «Når alt går i svart».

På delt andreplass i konkurransen kom gruppa [Raititai Band](#) og duoen Hotel Sundal.

Hadde låten liggjande

Kvinna bak vinnarlåten «Når alt går i svart» er godt nøgd med resultatet.

– Det er strålande. Kjempekjekt, seier Engevik Olsen, som til dagleg studerer til å bli lærar på Stord.

– Har du skrive denne låten no, eller var det noko du hadde liggjande?

– Eg har hatt ho liggjande ei stund. Det er sikkert to år sidan eg skreiv låten, i alle fall, seier Engevik Olsen som i fjor fekk ho [Stord kommune sitt kulturstipend, som ho har brukt til skulepengar](#).

– Ikkje så frampå

– Kva ambisjonar har du vidare?

– Innan musikken? Ikkje dei store ambisjonane, men det hadde vore kjekt å gje ut ei plate og kunna ha nokre småkonsertar. Så skulle eg gjerne hatt eit band, det kan du godt få med. Det er veldig kjekt med eit band, når du ikkje er så flink å spela sjølv, seier Engevik Olsen.

– Du kan ikkje spela, altså?

– Eg syng helst. Men eg speler litt piano, eg er berre ikkje så frampå, seier Engevik Olsen som skal framføra vinnarlåten under Falturiltu sin opningsfest i kulturhuset.

Dette er tredje gongen årets sunnhordlandslåt blir kåra i samband med Falturiltu. I fjor vann [Nese Rastafari med låten «Bala»](#). Året før var det [Runar B. Mæland som vann med låten «Fuglane»](#).